



Cato Henriksen og Hanne Sandvik

Langheiane

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/2357 - 14/7186

Saksbehandlar:

Nina Bakanova

Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:

26.03.2014

## Manglar i sak - oppheving av eksisterande mur Gbnr 188/791 Gjervik ytre

Det vert vist til søknad om oppheving av eksisterande mur mottatt 11.03.2014. Før saka kan handsamast vidare, må følgjande avklarast:

### Søknad

Det er sendt inn søknad om løyve i eitt-trinn etter pbl § 20-1 som krev godkjenning av føretak som ansvarleg for tiltaket. Det er ikkje sendt inn søknad om ansvarsrett og gjennomføringsplan som er representativ for tiltaket. Det skal anten sendast inn søknad om ansvarsrett og gjennomføringsplan eller ny søknad etter pbl § 20-2 (tiltak som kan forestås av tiltakshavar).

### Uttale frå Teknisk drift

Saka vart sendt for uttale til Teknisk drift. Uttale lyder:

«Teknisk drift har motteke dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for uttale. Når det gjeld murer langs kommunal veg har vegavdelinga følgjande krav:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og kant kommunal veg skal være minimum 1,0m.
- Maks høgde på tiltak skal være 0,5m over kommunalt vegnivå.

Tiltaket skal ha ei plassering og høgde som tek omsyn til sikt i avkjørsle og i kommunal sving (= stoppsikt) i kommunal sving. Same krav er sett til naboeigedom med gbnr 188/792.

Det er § 29 i Veglova som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til tiltak i byggegrense mot offentleg veg. Byggegrense (regulerte og uregulerte felt) skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.»

Vi gjer merksam på at vilkår i uttale må vere stetta.

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### Situasjonsplan

Det må sendast inn ny situasjonsplan med mållinjer som viser avstand til kant kommunal veg. Avstanden skal vert minst 1 m.

### Eksisterande mur

Vi kan ikke sjå at eksisterande mur er omsøkt, sidan det finst ikkje løyve til etablering av mur i vårt arkiv. Vi ber om utgreiing av forholda.

### Fristar

Det vert gjeve 4 vekers frist for retting av manglar. Viss manglane ikkje er retta innafor fristen (23.04.2014), kan saka verte avslutta utan vidare varsel. Byggearbeida kan ikke setjast i gang før det er gitt skriftleg løyve frå kommunen.

### Sakshandsamingstid

Søknaden er ikke fullstendig i samsvar med pbl. §21-2 og byggesak kapittel 5. Reglar om fristar for sakshandsaming gjeld ikkje i dette høve då søknaden ikke er fullstendig.

Med helsing

Nina Bakanova  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Cato Henriksen og Hanne Sandvik      Langheiane      5914      ISDALSTØ